



Fløysand VA as  
Fløksand  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/2478 - 15/17263

Saksbehandlar:  
Reidun Iden Lædre  
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:  
30.09.2015

## Godkjenning - tilkopling til kommunalt vassverk, gbnr 54/30 Husebø.

**Administrativt vedtak. Saknr: 336/2015**

**Tiltakshavar: Hans Husebø**

**Ansvarleg søkjar: Fløysand VA as**

### **Saksutgreiing:**

Det er søkt om tilkopling til kommunalt vassverk for bustadhus på Husebø, gbnr 54/30. Egedomen skal knytast til det kommunale vassverket via privat felles stikkledning. Stikkledningen går frå kommunal kum i Husebøkrysset og det er opplyst i søknaden, jf motteke situasjonskart, at denne ledningen vart etablert heilt fram til egedomen i 1992.

Kommunen er kjend med at tilknyttinga allereie er utført.

Egedomen har godkjent utslepp med slamavskiljar.

### **Vurdering:**

Administrasjonen har ingen merknader til at egedomen vert tilknytt det kommunale vassverket.

### **Vedtak**

«Meland kommune godkjenner at bustad på gbnr 54/30 vert tilknytt kommunalt vassverk i samsvar med søknad dagsett 01.09.2015 og på følgjande vilkår:

- Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.

- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje "Standard abonnementsvilkår for vann og avløp" - Kommuneforlaget.
- Tilknytninga skal skje i kum. Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknytninga er utført.
- Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2015 er tilknytingsgebyret for vatn kr 10 000,- per bueining pluss mva.
- Tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningslova. Det vert gitt ansvarsrett og godkjenning av føretak i samsvar med søknad.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg og plan- og bygningslova.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Hans Husebø	Husebøvegen 15	5917	ROSSLAND
-------------	----------------	------	----------

**Mottakere:**

Fløysand VA as	Fløksand	5918	FREKHAUG
----------------	----------	------	----------